



STORTINGET

Innst. 369 S

(2023–2024)

Innstilling til Stortinget
frå utanriks- og forsvarskomiteen

Dokument 8:144 S (2023–2024)

Innstilling frå utanriks- og forsvarskomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantene Rasmus Hansson, Lan Marie Nguyen Berg og Une Bastholm om å starte forhandlinger med EU om forslag til medlemskapsavtale som legges fram for folkeavstemning

Til Stortinget

Bakgrunn

I dokumentet vert det fremja følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringen ta initiativ til forhandlinger med EU om et forslag til en avtale om vilkårene for norsk medlemskap. Prosessen skal være åpen og sikre at folket holdes informert. Et endelig utkast til avtale skal legges fram for folkeavstemning.»

Ein viser til dokumentet for ei nærare utgreiing om forslaget.

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Åsmund Aukrust, Nils-Ole Foshaug, Eva Kristin Hansen og Trine Lise Sundnes, frå Høgre, Hårek Elvenes, Ingjerd Schie Schou, Erna Solberg og leiaren Ine Eriksen Søreide, frå Senterpartiet, Marit Arnstad, Bengt Fasteraune og Ola Borten Moe, frå Framstegspartiet, Sylvi Listhaug og

Christian Tybring-Gjedde, frå Sosialistisk Venstreparti, Ingrid Fiskaa, frå Raudt, Bjørnar Moxnes, frå Venstre, Guri Melby, og frå Kristeleg Folkeparti, Dag-Inge Ulstein, viser til forslaget og til utanriksministerens svarbrev 23. april 2024.

Komiteen merkar seg at forslagsstillarane argumenterer for eit norsk EU-medlemskap, samtidig som sjølve forslaget er å setta i gang forhandlingar om ein avtale om vilkåra for norsk medlemskap og deretter leggja denne fram for folkeavstemning.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Framstegspartiet, Sosialistisk Venstreparti, Raudt og Kristeleg Folkeparti, merkar seg vidare regjeringa si vurdering om at oppstart av slike forhandlingar vil føra til skarpe skiljelinjer i Noreg, og at innbyggjarane ikkje har gitt mandat til å setta i gang ein slik prosess i denne stortingsperioden.

Fleirtalet registrerer, som forslagsstillarane, at det i mange år har vore fleirtal mot norsk EU-medlemskap på meningsmålingane.

Komiteens medlemmer fra Arbeidarpartiet og Senterpartiet viser til at regjeringen i Hurdalsplattformen legger EØS-avtalen til grunn for Norges forhold til EU. Disse medlemmer viser til at regjeringen har høye ambisjoner for det europeiske samarbeidet innenfor Norges nåværende tilknytning til EU.

Komiteens medlemmer fra Høyre og Venstre viser til sine merknader i Innst. 22 S (2022–2023), der partiene blant annet bemerker at den norske

EU-debatten fortsatt preges av hovedlinjene fra EU-avstemningen i 1994, til tross for at EU har gjennomgått flere institusjonelle reformer og overtatt stadig flere ansvarsområder på vegne av medlemslandene, inkludert forhandling av handelsavtaler, innføring av sanksjoner mot tredjeparter og en ambisiøs klima- og miljøpolitikk med forpliktende felles målsettinger. Det har også vært en betydelig utvikling i EUs politikk for og samarbeid om utenriks- og forsvarspolitik.

Disse medlemmer mener fortsatt at EU har vist både styrke og samhold i sin støtte til Ukraina og sanksjoner mot Putins regime, og at krigen har vist at Norges sikkerhetsinteresser er uløselig tilknyttet EUs interesser.

Videre vil disse medlemmer gjenta at Norge som ikke-medlem har liten evne til å påvirke utfallet og innrammingen av beslutninger fattet på EU-nivå. Norge ender derfor ofte med å avvende disse beslutningene før det gjennomføres tilsvarende vedtak i Norge, uten nevneverdig debatt. Dette er ikke bare en demokratisk utfordring, men fører også til dårligere beslutningsprosesser i Norge.

Disse medlemmer viser til at Eldring-utvalget, som regjeringen oppnevnte for å se på erfaringer med EØS-samarbeidet, konkluderer med at det ikke vil være i Norges interesse med alternative handelsavtaler med og tilknytning til EU, slik blant annet Storbritannia og Sveits har. Disse medlemmer mener det eneste reelle alternativet til EØS-avtalen er et fullverdig medlemskap.

Disse medlemmer støtter dermed forslagsstillerens intensjon om norsk EU-medlemskap, men mener det er viktig med en grundig utredning av hvilke fordeler og ulemper et slikt medlemskap vil innebære for Norge. En utredning er første steg i en politisk prosess som kan munne ut i en rådgivende folkeavstemning der alle velgere vil få muligheten til å uttale seg om norsk EU-medlemskap, også de som ikke hadde stemmerett i 1994. Uavhengig av EU-ståsted bør alle partier på Stortinget ha en interesse av å bidra til en faktabasert og opplyst debatt om hva norsk EU-medlemskap vil kunne innebære, og hvilket handlingsrom som eksisterer for Norges del.

På bakgrunn av dette, fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen om å utrede fordeler og ulemper med et norsk EU-medlemskap sammenlignet med dagens EØS-medlemskap.»

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti mener det ikke er noe folkekrav å igangsette et slikt arbeid. Norges økonomiske samarbeid med Europa er sikret gjennom EØS-avtalen, sikkerhetssamarbeidet er sikret gjennom

NATO og forsvarsindustrielle næringsinteresser er sikret gjennom multilaterale avtaler med EU.

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti og Raudt viser til at dei grunnleggende problema med EU framleis er der. EU har traktatfesta ein marknadsliberalistisk økonomisk politikk som ikkje kan endrast utan at alle medlemslanda er einige om det. EU snevrar dermed inn det demokratiske rommet ved at den økonomiske politikken ikkje er oppe til diskusjon. Vidare er det stor avstand mellom innbyggjarar og dei som tar avgjerdene; både ved at sentrale avgjerder ikkje blir tatt av folkevalde, ved at få av EUs innbyggjarar stemmer ved val og følgjer med på prosessane i EU, og fordi det ikkje finst ei felles offentlegheit på tvers av ulike språk og medlemsland som fleirtalet av innbyggjarane kan delta i.

Desse medlemene peikar også på at eit EU-medlemskap ville ha flytta meir makt frå Noreg til EU på sentrale område som er viktige for norsk økonomi og næringsliv, som landbruks-, fiskeri-, petroleums- og pengepolitikken. Der Noreg i dag kan følgja ein sjølvstendig utanrikspolitikk og kan vera ein brubyggar mellom det globale nord og sør, ville eit EU-medlemskap sterkt avgrensa moglegheita for dette. EU fører i stadig sterkare grad ein felles utanrikspolitikk, der sterke økonomiske aktørar får leggja premissa.

Desse medlemene viser vidare til EUs utvikling når det gjeld miljøpolitikk og flyktningpolitikk. I utkastet til EUs nye femårsplan er klima og natur fortrent til fordel for forsvar, sikkerheit, migrasjon og konkurransevne. EUs oppskrift for styrkt konkurransevne er endå meir liberalisering og deregulering, noko som vil svekka miljøkrav og vern av arbeidstakarar. EU flyttar allereie pengar frå miljø til forsvar og grensekontroll. Flyktningpolitikken er stramma ytterlegare inn, til protestar frå menneskerettsorganisasjonar. I dag har Noreg politisk handlingsrom til å kutta utslepp, ta vare på natur og føra ein solidarisk flyktningpolitikk i staden for å måtta følgja EU i feil retning.

Desse medlemene meiner at problema med EØS-avtalen ikkje blir løyst med eit EU-medlemskap. EØS-avtalen er på mange område ei tvangstrøye, men det vil også EU-medlemskap vera. I EØS har Noreg større moglegheiter til å føra ein sjølvstendig politikk på ei rekke område. Det er også fullt mogleg å bruka handlingsrommet i EØS meir aktivt enn i dag. Problemet har så langt vore at EU-tilhengarane ikkje ønskjer å ta desse moglegheitene i bruk.

Desse medlemene viser til at fleirtalet av innbyggjarane i Noreg har sagt nei til medlemskap i EU to gonger, og at det i mange år har vore fleirtal mot EU på meningsmålingane. Ein opplyst og faktabasert offentlig debatt om både EU og EØS vil etter det desse medlemene meiner, vera eit udelt gode. Det er deri-

mot ikkje avhengig av offentlege, regjeringsnedsette utgreiingar eller oppstart av forhandlingar om eit eventuelt EU-medlemskap. Ein slik ovanfrå og ned-prosess vil le ha vore å starta i feil ende. Særleg i ei sak som til dei grader handlar om vilkåra for folkestyret, vil det vera naturleg å starta debatten på grasrota, heller enn i den politiske eliten.

På denne bakgrunnen fremjar desse medlemmene følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa koma med forslag til korleis det offentlege ordsiftet om EU og EØS kan revitaliserast, mellom anna ved å auka den økonomiske støtta til dei medlemsbaserte, folkelege organisasjonane sitt opplysningsarbeid om temaet.»

Forslag frå mindretal

Forslag frå Høgre og Venstre:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringa om å utrede fordelar og ulemper med et norsk EU-medlemskap sammenlignet med dagens EØS-medlemskap.

Forslag frå Sosialistisk Venstreparti og Raudt:

Forslag 2

Stortinget ber regjeringa koma med forslag til korleis det offentlege ordsiftet om EU og EØS kan revitaliserast, mellom anna ved å auka den økonomiske støtta til dei medlemsbaserte, folkelege organisasjonane sitt opplysningsarbeid om temaet.

Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av ein samla komité.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til dokumentet og til det som står ovanfor, og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak:

Dokument 8:144 S (2023–2024) – Representantforslag fra stortingsrepresentantene Rasmus Hansson, Lan Marie Nguyen Berg og Une Bastholm om å starte forhandlingar med EU om forslag til medlemskapsavtale som legges fram for folkeavstemning – vert ikkje vedteke.

Oslo, i utanriks- og forsvarskomiteen, den 28. mai 2024

Ine Eriksen Søreide

leiar

Ingrid Fiskaa

ordførar



DET KONGELIGE
UTENRIKSDEPARTEMENT

Utenriksministeren

Utenriks- og forsvarskomiteen
v/leder Ine Eriksen Søreide

Oslo, 23. april 24

Uttalelse fra Utenriksdepartementet angående Dokument 8:144 S (2023-2024) fra representantene Rasmus Hansson, Lan Marie Nguyen Berg og Une Bastholm

Jeg viser til Dokument 8:144 S (2023-2024), hvor det fremmes forslag om å starte forhandlinger med EU om forslag til medlemskapsavtale som legges fram for folkeavstemning til behandling.

Regjeringen legger EØS-avtalen til grunn for Norges forhold til EU. Avtalen gir Norge et bredt, dypt og forutsigbart samarbeid med EU, som den nylig fremlagte EØS-utredningen slo fast.

Utover EØS-avtalen styrker vi også samarbeidet med EU på områder som er viktige for norske interesser, som grønn omstilling og helse.

Regjeringen har høye ambisjoner for europeisk samarbeid innenfor vår nåværende tilknytning til EU. Det skal vi fortsette med.

En prosess for å starte forhandlinger om EU-medlemskap for Norges del vil etter regjeringens syn føre til skarp polarisering og skarpe skillelinjer i Norge. Det er ikke Norge tjent med i dagens situasjon. Det er heller ikke redelig å starte medlemskapsforhandlinger uten et forutgående stortingsvalg der velgerne har gitt et regjeringsalternativ et tydelig mandat til slikt.

Med vennlig hilsen

Espen Barth Eide